

# MÅLLAGET I KRISTIANSAND

## Protokoll frå årsmøte tysdag 13. februar 2018

15 av lagsmedlemmene hadde møtt fram i Mållagsstova, inkl. styret og reiseskrivaren frå Mållaga på Agder.

### Sak 1: Opning med godkjenning av innkalling og sakliste

Leiar Solveig Lima ynskte velkomen til årsmøtet.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

### Sak 2: Val av møtestyrar

Leiv Storesletten vart vald til møtestyrar.

### Sak 3: Val av skrivar

Borghild Løver vart vald til møteskrivar.

### Sak 4: Val av to til å skrive under møteprotokollen

Årsmøtelyden valde Bjug Åkre og Gyro Nesland til å skrive under møteprotokollen.

### Sak 5: Årsmelding for lagsdrifta

Tobbi Kvaale las opp årsmeldinga. Merknad om at Ronny Rognhaugen òg deltok på haustseminaret til Mållaga på Agder på Ose og at Lister avd. Lyngdal har skifta namn til Eilert Sundt.

Årsmøtelyden godkjende årsmeldinga.

### Sak 6: Rekneskapen for lagsdrifta

Lagsrekneskapen vart gjennomgått av Solveig Lima. Lånet til Gyldenløvesgate 11 Eigedom AS er på 2.154.259 kr. Studentmållaget har teke ut godt og vel 11.000 kr, og laget er no i god drift, men hadde visstnok problem med å få leige lokale på grunn av noko i vedtektene. Dette vart det stilt spørsmålsteikn ved, og leiaren der må ta kontakt med styret dersom dette held fram med å vere eit problem. Olav Molland hadde revidert og underteikna rekneskapen.

Årsmøtet godkjende samrøystes den reviderte rekneskapen.

### Sak 7: Budsjett for 2018

Solveig Lima greidde ut om budsjettet for laget i 2018, der utgiftene og inntektene balanserer med 412.000. Spørsmål frå Olav Molland om det var klarert med aksjeselskapet at det var mogleg å ta ut den naudsynte summen på 300.000 kr frå forretningsdrifta.

Årsmøtet godkjende budsjettet under føresetnad av at det er mogleg å overføre 300.000 kr frå drifta i Gyldenløvesgate 11 slik at budsjettet går i balanse.

### Sak 8: Orientering frå drifta i Gyldenløvesgate 11 Eigedom AS

Borghild Løver orienterte frå drifta i lutlaget i 2017, som hadde generalforsamling 30. mai -17. I styret sit Ole Steffen Gusdal (leiar) og Kari Mysen (styremedlem) frå BUL-Kristiansand, og Jan Petter Horn (nestleiar med ansvar for økonomi/rekneskap) og Dag Olav Hagen (styremedlem). Varamedlemer er Borghild Løver (referent, frå mållaget) og Oddmund Loland (frå BUL-Kristiansand). Dessutan har Solveig Lima møtt på alle styremøta og hatt ansvar for kontorhald og betaling. Dugnadstimar som vert utførte av laga, vert betalte med 150 kr frå lutlaget.

Dag Olav Hagen og Torbjørn Vik kom med utdjupingar av orienteringa.

Årsmøtet tok orienteringa til vitande.

### **Sak 9: Framlegg til endring i lovene**

§3 slik han står no: Det som laget tener på forretningsdrift eller på annan måte, skal brukast i samsvar med §1.

Endring av §3 til: **Det som laget tener og eig, skal brukast i samsvar med §1.**

§1 lyder forresten slik: Mållaget i Kristiansand vil arbeide for å fremje bruken av nynorsk skriftmål, normaltalemål og dialektar, og samle målfolk i Kristiansand og omland. Laget vil stø arbeid for å sikre at komande slekter nyttar norsk språk på alle livets område.

Årsmøtet vedtok samrøystes endringsframlegget på §3.

Her var det på tide med ei matøkt. Maria Viken las dikt og Sylfest Lomheim kåserte om fakta og fordomar mot nynorsken.

### **Sak 11: Veggen vidare for Mållaget i Kristiansand**

Denne saka vart overlate til styret.

### **Sak 12: Val**

Valnemnda som var Øyvind Grov, Svein Slettan og Gyro Nesland, hadde gjort eit godt valarbeid føre årsmøtet, og årsmøtelyden gjekk samrøystes inn for valnemnda sitt framlegg:

**Leiar for eitt år: Solveig Lima**

#### **Val av styremedlemer:**

**Tobbi Kvaale (attvald for 2 år)**

**Ronny Rognhaugen (nyvald for 2 år)**

Vibeke Lauritsen (ikkje på val, 1 år att)

Sylfest Lomheim(ikkje på val, 1 år att)

#### **Val av varamedlemer for eitt år:**

**Leiv Storesletten (1. vara, attval for 1 år)**

**Kjellaug Kvalsvik (2. vara, attval for 1 år)**

**Val av valnemnd (for 1 år): Øyvind Grov, Svein Slettan og Gyro Nesland.**

**Val av 6 utsendingar til fylkesårsmøtet 1. april: Andrea Campo, Andrea Maini, Dag Olav Hagen, Ingebjørg Nesland, Ronny Rognhaugen og Solveig Lima.** Vara: Maria Viken.


**Val av 3 utsendingar til landsmøtet i Noregs Mållag:** Dette er andre helga i april i Vinje, og desse vart valde: **Tobbi Kvaale, Ronny Rognhaugen og Solveig Lima.**

Vara: Leiv Storesletten, Gyro Irene Nesland og Olav Molland.

**Val av revisor for lagsrekneskapen: Olav Molland**

### **Sak 11: Innkomne saker**

Det var ingen innkomne saker. Flotte blomar vart delt ut til Solveig, Leiv, Sylfest, Olav M, Tobbi, Borghild og Maria.

  
Gyro Nesland

  
Bjug Åkre